



## **Vedtekter for Foreininga for Fjordvegen Riksveg 13**

**Vedtekne på Årsmøtet 17.04.2023**

### **§1 Foreininga sitt namn.**

Foreininga sitt namn er Foreininga for Fjordvegen Riksveg 13.

### **§2 Foreininga sitt forretningskontor.**

Foreininga sitt forretningskontor er i Ullensvang kommune.

### **§3 Foreininga sitt føremål.**

Foreininga sitt føremål er:

1. Å arbeida for oppgradering og vedlikehald av Rv 13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard for heile strekninga.

2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv, vakker transportåre og som den indre stamvegen mellom Stavanger og Sogndal.

### **§4 Organisasjonsform**

Foreininga er ein frittstående juridisk person med medlemmer, og er sjølveigande. At den er sjølveigande medfører at ingen, verken medlemmer eller andre, har krav på foreininga si formue eller egedelar, eller er ansvarleg for gjeld eller andre forpliktingar.

### **§5 Medlemmer**

Medlemmer i foreininga er fylkeskommunar, kommunar, interkommunale selskap, vegselskap, næringsorganisasjonar, verksemder og andre føretak som har interesse i foreininga sitt føremål.

### **§6 Rettar og plikter knytta til medlemskapet**

Alle medlemmer har rett til å delta på årsmøte, har stemmerett og er valgbare til tillitsverv i foreininga. Medlemmer som skylder kontingent for meir enn eitt år, har ikkje stemmerett eller andre rettar, og styret kan stryka dei som medlem av foreininga. Medlemmene pliktar å forhalda seg til vedtak som er fatta av årsmøte.

## §7 Årsmøtet.

Foreininga Fjordvegen Riksveg 13 sitt øvste organ er årsmøtet som skal avhaldast innan utgangen av juni kvart år. Årsmøtet skal kallast inn med minst 4 vekers varsel, og skal handsama følgjande saker:

- Val av møteleiar
- Årsmelding og rekneskap
- Val av 5 av 7 styremedlemer for 2 år om gongen. Valet vert organisert slik at det høvesvis er 2 og 3 på val annakvart år. Val av 3 varamedlemer i nummerrekkefølge for 1 år om gongen.
- Val av leiar og nestleiar for 1 år om gongen.
- Fastsetja kontingent for påfølgjande år.
- Vedta treårig handlingsplan og langtidsbudsjett med rullering for kvart år.
- Vedta eventuelle vedtektsendingar, jfr. §11.
- Val av valnemnd.
- Andre saker som er innsende av medlemmer innan 2 veker før årsmøtet og handsama av styret.

Valnemnda si innstilling skal sendast ut seinast 2 veker før årsmøtet.

Fylkestinga i Rogaland og Vestland oppnemner sjølv kvart sitt styremedlem med personleg varamedlem for 4 år om gongen som følgjer valperioden for val til fylkesting.

Alle vedtak på årsmøtet vert avgjort med vanleg fleirtal, dersom desse vedtektene ikkje seier noko anna. Alle røyster tel likt som vert gitt ved frammøte eller ved fullmakt.

Røyster i årsmøtet tel i samsvar med tabellen under:

Medlemskategori 1: Kommunar	5 røyster
Medlemskategori 2: Næringssselskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	3 røyster
Medlemskategori 3: Næringssselskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	2 røyster
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	3 røyster
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	2 røyster
Medlemskategori 6: Bedrifter med inntil 5 tilsette	1 røyst
Medlemskategori 7: Vestland fylkeskommune	10 røyster
Medlemskategori 8: Rogaland fylkeskommune	10 røyster

Alle saker vert avgjort ved vanleg fleirtal. Ved stemmelienskap avgjer møteleiar si dobbelrøyst.

## §8 Styret

Foreininga sitt styre skal ha 7 medlemer med varamedlemer vald slik det går fram av paragraf 5 i desse vedtektene.

Styret har ansvar for den daglege drifta av foreininga, som m.a. inneber:

- Gjennomføra dei planar som årsmøtet fastset
- Syta for at foreininga vert organisert med dagleg leiing og sekretariat
- Fastsetja detaljert årsbudsjett
- Gje uttalar på vegne av organisasjonen
- Førebu og handsama alle saker som skal leggjast fram for årsmøtet

- Kalla inn til ekstraordinært årsmøte når styret finn det nødvendig, eller dersom 1/3 av medlemmene krev det.
- Andre saker som føl av styret sitt ansvar.

Styret er vedtaksført når 4 eller fleire medlemmer er tilstades.

Styret vert kalla saman til møte når styreleiar finn det naudsynt eller når minst 3 av styremedlemmene krev det.

Alle saker vert avgjort ved vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap avgjer møteleiar si dobbelrøyst.

## **§9 Forvaltning av foreininga**

Styret representerer foreininga eksternt. Styreleiar teiknar for foreininga. Foreininga kan ikkje ta opp lån.

## **§10 Kontingent**

Vert betalt forskotsvis for 1 år om gongen. Utmelding av foreininga med bindande verknad for kontingentbetaling må vera gjort minst 1 år før det kalenderåret utmeldinga skal tre i kraft.

## **§11 Vedtektsendring**

Vedtektsendring på årsmøtet krev 2/3 fleirtal av gjevne røyster enten frå den som er til stades på årsmøtet eller ved fullmakt.

## **§12 Oppløysning**

Årsmøtet kan etter lovleg innkalling løysa opp foreininga med  $\frac{3}{4}$  fleirtal, jfr. 1. punktum i denne paragrafen.

Årsmøtet avgjer kva eventuelle unytta midlar skal brukast til.